

Aase og Roar M. Fjeld
Gamle Tuddalsveg 12
3692 SAULAND

SAKSHANDSAMAR: PETER C. A. KÖLLER – SAKSNR.: 2011/5870 – DATO: 13.02.2015

VEDTAK

Verneområdestyret handsama saka i møtet 06.02.15.

Vurdering

Vurderingane som er gjort i samband med tidligare søknader om sankebu, har relevans også denne gongen. Vurderinga under er difor i hovudsak kopierte inn frå førre søknad/sak.

Staden der hytta skal byggjast ligg i brukssona i forvaltingsplanen (jf. kartvedlegget til planen). Relevant forvaltingsmål for brukssona er at "Områda skal forvaltast med tanke på å ta vare på områdas art og karakter utan inngrep som vesentleg kan endre landskapets utforming." Vidare er det sagt at "Områda skal kunne nyttast til landbruksdrift for å sikre næringsgrunnlaget til grunneigarane." og at "oppretthalding av drift i utmarka er m.a. viktig for å taka vare på kulturlandskap og plantesamfunn, og derved det biologiske mangfaldet." Innanfor sona skal det vere lov med naudsynt vedlikehald av eksisterande bygningar. Det kan også gjevast løyve til oppføring av nye bygningar som er naudsynt i samband med jord- og skogbruksdrift.

Det søkjast om ei sankebu på BYA 37 m²/BRA 35 m². Forvaltningsplanen seier det kan gjevast løyve til nye bygningar på inntil 50 m² i samband med jord- og skogbruksdrift dersom det ikkje strir mot verneformålet. Bua skal nyttast i samband med tilsyn og sinking av sau som søkjarane har i området. Garden, og søkjaranes bustad, ligger i Sauland om lag 40 km unna, og ei sankebu på staden vil lette dette arbeidet betydeleg.

Teikningar syner ei hytte med ein etasje + hems. Utvendig totalhøgde er 5,2 meter. Hytta vil bestå av eit rom, eit lite vindfang og eit lite bad. Det vil vere sengeplassar til 6 personar + hems.

Forvaltningsplanen seier at ein ved nybygg må vurdere om det er naudsynt (jfr. pkt. 7.1.2 s. 29). Det er om lag 40 km frå garden til staden for sankebua, og det er bilveg heilt fram. Vegen er til dels svingete og smal. For bygningar i samband med anna utmarksnæring, seier forvaltningsplanen at det som retningsgjevande bør vere minimum 3 km/1 time gangavstand/gangtid for at man skal vurdere å tillate nybygg. Denne saka dreier seg likevel om eit driftsbygg i landbruket. Ei sankebu vil lette og effektivisere arbeidet med sauehaldet. Søkjaren oppgjer at overnattingsmoglegheiter er avgjerande for å få til effektiv sinking og tilsyn. Dei er avhengig av å vere mange personar og det blir mange og lange dagar. Dei siste åra har det blitt nytta ei stor gamal campingvogn på staden.

Ein må vere trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaket, jf. NML §8 (kunnskapsgrunnlaget) og §9 (føre-var-prinsippet). Kunnskapsgrunnlaget i denne saka er god, særleg når det gjeld villreinen sin bruk av området. Staden ligg i kanten av det ein har definert som villreinens leveområde i Brattefjell-Vindeggen. Det er eit kjent villreintrekk like sør for tomta. Trekket går aust-vest i Runhellhovet, og må seiast å gå ut av villreinens leveområde. Areal austover er relativt utbygd, og det er mykje menneskeleg aktivitet. Det har medført at reinen truleg ikkje lenger brukar områda. Og dersom dyr observerast, må det reknast som streifyr. Likevel veit ein at reinen kan ta opp gamle trekkruiter, og ved ytterligere nedbygging reduserast denne muligheita.

Det er ingen kjende kulturminner på staden. Det er heller ikkje registrert flora, fauna eller naturtypar som kan bli påverka av tiltaket. I tillegg er inngrepsgraden allereie betydeleg på staden. Det er skogsbilveg heilt fram og om lag 100 meter aust for vegen gjeng det ei kraftline.

Kunnskapen om verdiane i landskapsvernområdet er mellom anna samla i forvaltningsplanen og er henta i samband med arbeidet med denne. Blant dei viktigaste dokumenta er J. E. Eriksens arbeid med botaniske registreringar i Brattefjell-Vindeggen, og H. Nordby sitt arbeid med registrering av stølsanlegg. Informasjon om naturverdiar er henta i Naturbasen, samt gjennom samtalar med grunneigar og SNO. I tillegg har forvaltaren gjennomført synfaring på staden 3 gonger.

Bygging av sankebu vil nødvendigvis føre til auka ferdsle og aktivitet i anleggsperioden, men med bilveg heilt fram vil man i det minste sleppe helikopter- og skutertransport. Det at søkjarane har moglegheit til å bli i området i samband med arbeid med sau, gjer og at det truleg vil vere meir aktivitet. På den andre sida vil det å kunne overnatte på staden føre til betydelig mindre bilkøyning.

Området der Fjeld ønskjer å bygge sankebu er mykje bruka til friluftsliv oa. I samband med saka der dei søkte om å erstatte eksisterande båthus med sankebu, valde kommunen å avslå søknaden med grunngjeving om at sankebua ville sette friluftslivet til side. Hovudorsaka var at staden der båthuset ligger blir mykje nytta for folk sin åtkomst til Myklestaulvatnet. Mellom anna ligger båthuset på ein stad der det er vanleg å sette ut båtar, kanoar ol., og det blei argumentera med at ei sankebu vil privatisere strandlina mykje meir enn eit båthus.

Det går ein sti innover(nordover) i Gausdalen frå enden av vegen ved sankekvedet. Det er viktig at tiltaket ikkje kjem i konflikt med denne stien og/eller i konflikt med anna etablert friluftsfærdsle i område. Ved å byggje sankebua på staden mellom vegen og kraftlina som det no er søkt om, meiner forvaltaren at desse omsyna er tatt.

I samband med sankebua, søkjast det om løyve til å sette opp ei lita bu på 0,8 m² til strømaggregat. Denne skal stå ved parkeringa ved sankekvedet om lag 50 meter frå hytta. Dersom det skal gjevast løyve til slikt, bør det stillas som krav at bua er svært godt støyisolert.

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev, etter verneforskrifta pkt. 3.1, Aase og Roar M Fjeld løyve til å byggje sankebu på inntil BYA 37 m² i samsvar med søknad og teikningar dagsett 10.10.14 og 29.11.14. I tillegg gjevast det løyve til å byggje ei lita bu til strømaggregat i samsvar med søknaden.

Det er ein føresetnad at utforming av bygget og aggregatbua følgjer forvaltningsplanens retningslinjer for estetikk og materialbruk i samsvar med forvaltningsplanen pkt. 7.4. Det er vidare ei føresetnad at aggregatbua byggjast med svært god støydemping.

Restane etter byggjearbeidet må fraktas ut av området så skånsamt som mogleg og handsamast etter gjeldande reglar for avfall.

Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner sankebua frå ulike vinklar samt interiør, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at bygget står ferdig. Det skal også leverast bilete av aggregatbua.

Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.

Iverksetjing av tiltaket kan ikkje skje før klagefrist på 3 veker er ute og saka er handsama i kommunen etter Plan- og bygningslova og eventuelt anna lovverk. Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta.

Det kan klagast til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til direktoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde. Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Handsaming i verneområdestyret:

Det blei ikkje fremma endringar.

Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret gjev, etter verneforskrifta pkt. 3.1, Aase og Roar M Fjeld løyve til å byggje sankebu på inntil BYA 37 m² i samsvar med søknad og teikningar dagsett 10.10.14 og 29.11.14. I tillegg gjevast det løyve til å byggje ei lita bu til strømaggregat i samsvar med søknaden.

Det er ein føresetnad at utforming av bygget og aggregatbua følgjer forvaltningsplanens retningslinjer for estetikk og materialbruk i samsvar med forvaltningsplanen pkt. 7.4. Det er vidare ei føresetnad at aggregatbua byggjast med svært god støydemping.

Restane etter byggjearbeidet må fraktas ut av området så skånsamt som mogleg og handsamast etter gjeldande reglar for avfall.

Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner sankebua frå ulike viklar samt interiør, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at bygget står ferdig. Det skal også leverast bilete av aggregatbua.

Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.

Iverksetjing av tiltaket kan ikkje skje før klagefrist på 3 veker er ute og saka er handsama i kommunen etter Plan- og bygningslova og eventuelt anna lovverk. Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta.

Det kan klagast til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til direktoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Med helsing

Peter C. A. Köller
Seniorråddevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift

Kopimottakarar:

- Hjartdal kommune
- Fylkesmannen i Telemark
- Miljødirektoratet
- Statens naturoppsyn Skinnarbu
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell
- Miljøvedtaksregisteret